

# DEN NORSKE KYRKJA

## Lindås kyrkjelege fellesråd

**Lindås kommune  
Rådmann / økonomisjef**

**Knarvik 7. november 2017**

### **Lindås kyrkjelege fellesråd – budsjettsøknad 2018**

1. Lindås kyrkjelege fellesråd legg til grunn dei signal ein har tatt mot frå administrasjonen om ei vidareføring av dagens tilskot for 2018 med justering motsvarande kompensasjon for løns- og prisauke slik at dagens aktivitetsnivå kan oppretthaldast.
2. Lindås kommune har i brev 18. juni 2017 sagt opp ordninga med føring av rekneskap og løn for Lindås kyrkjelege fellesråd frå 1. januar 2018. Desse tenestene har vore utført av Lindås kommune som tenesteyting jfr. KL §15. Kyrkjeverja har vore i tingingar med Akasia as om å ta over desse oppgåvene, og det syner seg at Lindås kommune si oppseiing av dagens ordning fører med seg meirkostnader for kyrkjeleg fellesråd på NOK 225.000 for 2018. Lindås kyrkjelege fellesråd har i brev og møte orientert kommunen si administrative leiing om denne situasjonen.

Lindås kyrkjelege fellesråd ber Lindås kommune om å ta omsyn også til dette vesentlege beløpet ved utrekning av årets tilskot.

Ytterlegare moment til søkeren:

- Lindås kyrkjelege fellesråd vil i 2018 ha den bemanninga som har lagt inne i budsjettet for 2017; dvs 14,97 årsverk. I tillegg kjem dei påplussingar for innleige av vikarar og ekstrahjelp som Lkf sin organisasjon og struktur fører med seg. Det er framleis krevjande å kombinere ønskje om rimeleg stillingsstorleik for dei tilsette med eit gudstenestemønster som fører til trong for ekstrahjelp til nær sagt kvar sundag.  
For budsjett-framlegget for 2018 utgjer samla kostnader til kjøp av arbeidskraft NOK 10.3 mill, ei auke frå 9.9 mill i 2017. Auken skuldast eit lønsoppgjer på 2,4% pluss det faktum at ny-tilsetting i nokre stillingar er blitt litt «dyrare» enn dei var tidlegare.
- Vidare har Lindås kyrkjelege fellesråd i seinare år stadfesta organiseringa av dei tilsette i 4 stabar / kontorfellesskap. Dette er og i


---

Side 1

samsvar med fellesrådsleiarane i Radøy, Lindås og Meland sitt innspel til Intensjonsavtalen framfor kommunesamanslåinga, der ein uttalte at kyrkja i Alver ønskte å vere til stades i dei fem kommunedelsentra med heile sitt tenestetilbod. Kyrkjeleg fellesråd har i 2017 flytta staben i Alversund over til nye lokale i Knarvik kyrkje; dette har ført med seg ekstrakostnader til husleige med rundt NOK 40.000 pr år.

- Når det gjeld Biskopen sin nye forordning av gudstenester innanfor fellesrådsområdet ligg talet årleg her på rundt 220 for Lindås si del. Signala frå kyrkjelydane i Lindås er at desse tala heller er for låge enn for høge. Ingen av kyrkjene er heller foreslått tekne ut av gudstenesteplanen. Fokusering frå brukarane på klokkeslettet 11:00 sundag føremiddag fører med seg eit vikarforbruk som tidlegare, om ein skal kunne bemanne desse tenestene. For andre driftskostnader (straum, forsikring og vedlikehald) er det sannsynleg å rekne med ei auke. Kyrkjeleg fellesråd konstaterer at vesentlege postar som energi og vedlikehald er knapt budsjetterte i dag.
- Desse punkta over bind opp det meste av budsjettet for kyrkjeleg fellesråd i året som kjem.
- Lindås kommune varsla våren 2017 at ein vil auke honorar og møtegodtgjersle for kommunen sine utvalsleiarar og medlemmar. Kyrkjeleg fellesråd har bedt kyrkjeverja utgreie auka satsar også for sine rådsmedlemmar og -leiar i budsjettframleggget for 2018.
- Kostnadene knytt til Ikt vil måtte auke noko i åra som kjem; kyrkja ligg generelt på etterskot her, og dagens satsing gjer lite rom for organisasjonsutvikling.

For Lindås kyrkjelege fellesråd,  
Med venleg helsing



Torgeir Paulsen  
Kyrkjeverje i Lindås